



Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale til 2 gongs offentleg ettersyn av reguleringsplan for Kvalheimsneset, fritidsformål i Radøy.

Vi viser til brev frå kommunen datert 27.05.2019, med melding om offentleg ettersyn av reguleringsplan for Kvalheimsneset. Fylkesmannen hadde motsegn til planendingane ved første gongs offentleg ettersyn. Kommunen ønska eit møte om planen for å diskutere moglege løysingar og dette møtet fant sted 23.01.2019. Fylkesmannen signaliserte at kommunen må ha eit sterkare fokus på strandsoneverdiene i området .

Fylkesmannen si vurdering er at forslaget som no er til andre gongs offentleg ettersyn er i samsvar med møtet vi hadde med kommunen, og vi har ingen vesentlege merknader til planforslaget.

I denne saka har kommunen argumentert sterkt for at det ikkje er økonomi i å drive med utleige her. Vi vil på den bakgrunn vise til at det i kommuneplanen ligg eit område med turistformål sør for regulert område. Dette området er bygd. Med bakgrunn i argumentasjonen i denne saka, bør kommunen vurdere å ta ut turistformålet ved neste rulling av kommuneplanen.

Med helsing

Åse Vaag
fagdirektør

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent